

Tilleggsavtale nr 2

Til

Avtale nr 4600003214, mellom Statoil ASA og Lindås kommune datert 20. sept 2000 knytt til industrivannsforsyning til Mongstad

1 Innleiing.

Lindås kommune, i dag Alver kommune, og Statoil ASA, i dag Equinor Refining DA har sidan konsesjonen for bruk av vasskjeldene Eidsvatn, Austevatn, Langavatn, og Tykkhellevatn, vart gjeve kommunen datert 08.03.2016, med 3-års frist for start av arbeidet, hatt tingingar om fordeling av overførte vassmengder og kostnader, avklåringar om mva, etc. Tingingane har teke tid, og saman med endringar av utbyggingsfaser, mindre endringar i dei tekniske planane, mm, gav NVE utsett frist til oppstart av arbeidet, datert 06.03.2019, til: **08.03.2022**. Tingingane mellom partane enda opp med ein intensjonsavtale, godkjent av partane, 27.09.2021 (Equinor), og Alver kommune, 14.10.2021.

Intensjonsavtalen gjev føringa for utforming av denne avtalen, som i hovudsak har tilsvarande oppbygning og innhald.

2

Forutsetningar for utbygging av dei konsesjongjevne vasskjeldene for overføring til Sjursetvatn som hovudvasskjelde for industrivatn og vatn til rensing til drikkevatn.

Partane er samde om å ha til intensjon å byggja ut vannforsyninga til Mongstad i samsvar med gitt konsesjon frå NVE/OED, innan dei tidsfristar NVE har sett, forutsett endeleg godkjenning i Equinor og Alver kommune for investeringane for dei enkelte delprosjekta.

Utbygginga er planlagt i 4 delprosjekt/fasar:

Fase 1: Eidsvatn.

Fase 2: Austevatn.

Fase 3: Tykkhellevatn.

Fase 4: Langevatn.

Denne avtalen vil gjelda utbygging av fase 1 og 2. Avtalane om vassforsyning (Avtale nr 4600003214 mellom Statoil og Lindås kommune, og tilleggsavtale frå 2015- vil gjelde framleis, og denne avtalen vil vera ein tilleggsavtale (2) til hovudavtale 4600003214. Det føreligg ein addendum til hovudavtalen som beskriv fakturering av ytelser mellom partane.

Løysingane i fase 1 og 2 skal baserast på og dimensjonerast for ei seinare full utbygging i samsvar med gitt konsesjon.

Tidsplan:

Fase 1 byggjestart 1. kvartal 2022.

Fase 2 byggjestart 2022.

Seinast innan 1. halvår 2023 skal partane avklåra attståande utbygging (fase 3 og 4) som inngår i konsesjonen.

Alver kommune (Ak) ønskjer auka mengde vatn til rensing til drikkevannskvalitet på Litlås med minimum 200 m³/t frå utbygging av fase 1 og 2, dvs minimum 300 m³/t og maks 400 m³/t levert frå Sjursetvatn, Jf tilleggsavtale 1.

Utbygging av fase 1 og 2 er kostnadsvurdert til ca 102 mill, eks mva.- høvesvis 87 MNOK for fase1 og 15 MNOK for fase 2. Ein legg til grunn at kapasiteten på vatn frå Eidsvatn/Austevatn etter denne utbygginga vert 500 m³/t, basert på Norconsult AS sine berekningar i konsesjonssøknaden. Kostnadsdelinga er omforeint basert proratisk i høve forventa oppnådd kapasitet frå Eidsvatn etter utbygging, basert på at Alver k «kjøpen» 200 m³/t.

Kostnadsdelinga vert då: Ak 40 % og Equinor Refining Norway, (Eq) 60 %.

Dersom fase 2 i den planlagte utbygginga ikkje vert gjennomført, reknar ein oppnådd kapasitet i overføring frå Eidsvatn, fase 1 til 250 m³/t. Kostnader og kapasitet vert delt 60/40 mellom Equinor og Alver kommune.

Påløpte kostnader i samband med konsesjonsbehandling (frå 2012), prosjektførebuing og prosjekt for ny inntaksleidning frå Eidsvatn (ferdig bygt i 2019), kjem i tillegg og inngår i dei totale kostnadene som skal delast mellom Eq og Ak (60-40). Desse kostnadene vert gjort opp separat seinast ved ferdigstilling av fase 1.

Ak står som eigar av alle anlegga under og etter utbygging etter denne avtalen. Ak står som utbyggjar og har ansvaret for prosjektering, innkjøp, byggjeleiing og oppfølging. Equinor skal innkallast til prosjektmøter, byggjemøter og andre møter som er relevante å delta i. Eq deltek etter behov og skal ha referat frå alle møter.

Partane legg til grunn at prosjektet er innanfor Ak si avgiftspliktige verksemd, og at anskaffingar til prosjektet frådragsførast mva fullt ut i det kommunale rekneskapet. Ak fakturerer Equinor sitt anleggsbidrag med mva for sin andel kostnader i prosjektet.

Kostnadsrisikoen i prosjektet vil vera i samsvar med partane sine andelar, 60 % for Equinor og 40 % for Ak og med basis i kostnadskalkylar, utført arbeid og anbudskontraktar. Ved endring av avgiftsmessige tilhøve knytt til Equinor sin andel skal Eq varslast i forkant. Eq skal ha rett til å uttale seg både med avtaleparten og ovanfor avgiftsmyndigheiter. Dersom ein av partane krev utstyr og/eller installasjonar som er vesentleg utanfor standard i kommunale vassverk, må parten ta heile kostnaden sjølv. Slike bestillingar skal dokumenterast på byggjemøter.

ANDRE TILHØVE

Ved full utbygging (fase 1, 2, 3 og 4) er kapasiteten i Sjursetvatn på 950 m³/t. Dersom ein seinare finn det nødvendig med nye tiltak på anlegget frå Sjursetvatn til Litlås og høgdebassenget for å sikra stabil og robust drift skal Equinor kunne be om tingingar med Ak for deling av kostnader som dette medfører. Unntak her er eksisterande industrivassleidning, Jf avtalen frå 2015.

Ak står som eigar av anlegga og har ansvar for forsikring og grunneigaravtalar. Eq utfører og har ansvar for drift-og vedlikehald. Ak betalar Eq for sitt bruk av vatnet i samsvar med tidlegare avtalar, Jf tilleggsavtale nr 1, inkl amendment* og om nødvendig justert avtale for drift. Ak har tilgang til styrings- og driftssignal etter nærare skildring.

*Formelt tilleggsdokument for endring til det betre (juridisk dokument)

Dersom ein av partane ikkje ønskjer å gå vidare med utbygging av fase 3 og 4, skal han straks melda frå om det. Den andre parten kan då gå vidare med utbygging for forsyning til sin del.

Prosjektet skal lysast ut i samsvar med regelverket for offentlege anskaffingar.

Denne avtalen er tilleggsavtale nr 2-til avtale 4600003214, og er skriven i 2-to-orginalar, ein til kvar av partane.

Mongstad, _____ 2021

Knarvik, _____ 2021

Equinor Refining DA

Alver kommune